

Smart forkledning


TEKST: TROND RØDVIK

600 meter under havflata er det berre dei barskaste som overlever. Der er det kaldt, mørkt og lite næring. Ein liten, gjennomsiktig geléklump har likevel funne seg godt til rette her. Den tre centimeter lange blekkspruten *Japetella heathi* baskar rundt i det nesten kolmørke havet. Blikket har han vendt nedover. Der sirklar det nemleg svoltne fiendar.

Fiendane angrip helst frå undersida. I lyset frå overflata ser dei omrisset av godbitar over seg. Den lille blekkspruten kan som regel puste letta ut. Med den gjennomsiktige kroppen kastar han ikkje skugge. Men på turane sine ned mot 1000 meter er han ikkje fullt så trygg lenger.

Der møter han mellom anna dragefisken, ein fisk med heilt spesielle eigenskapar. Frå organ langs kroppen sender han nemleg ut sterkt lys som lett fangar opp blekksprutar. Det er magesekken som blir opplyst. Det er den einaste kroppsdelen hans som ikkje er gjennomsiktig. Forkledningsmeisteren må i aksjon. Straks!

På under éitt sekund har han blitt mørk og går nesten i eitt med havet. Endringane skjer i hudcellene i blekksprutskinnen. Med ein liten muskelbevegelse har pigmenta i huda endra storleik og blekkspruten endra farge. Med den nye fargen er han mykje vanskelegare å få auge på. Han er sikra eit langt og lukkeleg liv i havet.



Delfinar søv helst om natta. Enkelte delfinar søv ein tredel av døgnet.

FOTO: EYEQNET

Publisert i 2003

Gigantisk blekksprut funnen i Australia

For kort tid sidan dreiv ein kjempe-blekksprut i land i Australia. Den sjeldne blekkspruten vog meir enn 250 kilo og var nærare 16 meter lang.

Kjempe-blekkspruten er så sjeldan at ingen nokosinne har sett eit levande eksemplar av arten. Kunnskapen forskarane har om arten, er basert på andre døde dyr som er fanga i fiskegarn, eller som også har skylt i land.



FOTO: REUTERS/SCANPIX

Restar er også funne i magen på spermkval. Spermkvalen er nemleg eit av dei få dyra som greier å hamle opp med gigantblekkspruten. Dette nye eksemplaret er derfor ei gåve til vitskapen.

Funnet av akkurat denne blekkspruten har gjort forskarane spesielt nysgjerrige. Blekkspruten venta nemleg barn. Det kan bety at kjempe-blekkspruten formeirar seg i farvatnet rundt der han vart funnen. Ein del andre spesielle artar gjer nemleg det.

Klin kokos

Då biologen Julian Finn skulle filme blekkspruten *Amphioctopus marginatus*, fekk han seg ei skikkeleg overrasking. Og ein real latter. Denne åttearma karen gjorde nemleg noko rart som ingen visste at han kunne.

TEKST: INGRID SPILDE

Denne blekksprutarten er kjend for å byggje seg skjold av skrap som han finn på sjøbotnen. Yndlingskrotet er halve kokosnøttskal som menneske har slengt uti. Julian hadde byrja å filme ein blekksprut som hadde rigga seg til under eit skal. Det var då blekkspruten gjorde det: Han velta ut

og snudde skalet så det vart ei skål. Så la han seg i skåla, stakk dei åtte armane utanfor kanten og løfta heile stasen opp frå botnen. Og så jogga han vekk på armspissane. Ein annan blekksprut stabla til og med to skal oppi kvarandre før han styлта av stad.

Intelligent

Julian var forbløffa. Berre skikkeleg intelligente dyr ber med seg reiskapar på ein slik måte. Og sjølv om forskarane visste at blekkspruten er eit av dei smartaste dyra i havet, hadde ingen sett blekksprutar finne på noko slikt.